

KULTURBEITE

# Kyrkjehol Kulturbete

## Føremål med programmet

- ♣ Kyrkjehol Kulturbete har ambisjonar om å bli eit attraktivt utstillingsvindauge for eit breitt spekter av kreativ aktivitet. Det kulturelle tilbodet skal vere av høg kvalitet og femne om ulike sjangrar innan kunstartar som musikk, litteratur og biletkunst.
- ♣ Vi ønskjer å profilere profesjonelle kulturformidlarar med base i vårt eige distrikt.
- ♣ Vi ønskjer at dette kan medverke til ei positiv markering og synleggjering av Stordal som ein kulturkommune.

**Førehandsbestilling av billettar på telefon 70 27 91 23,**  
eller på e-postadresse [postmottak@stordal.kommune.no](mailto:postmottak@stordal.kommune.no)

Kulturprogrammet er støtta av:

**Stordal Camping**

6250 Stordal

**Dyrkorn Regnskapskontor AS**


6250 STORDAL

**A D V O K A T**  
**BJØRN KRISTIAN HOVE**

M.N.A.



6250 STORDAL

STAVSENG  
STAVSENGS  
INGENIØRFIRMA AS

- der folk trivst

UNITYKK AS Spileavvik, 8010 Ålesund

## Mildt regn

Lyrikk av Halldis Moren Vesaas - Improvisasjonar  
PRETESTOVA, 18. AUGUST KL. 19.30

Gøril Haukebø - resitasjon, Stian Omenås - trumpet,  
Odd J. Overøye - tangentinstrument.  
Lyrikk av Halldis Moren Vesaas vil i denne forestillinga danne utgangspunkt for frie improvisasjonar - både som musikalske intermezzi og som klangflater bak lesne tekstar.  
Improvisasjonsmusikk har dei siste hundre åra først og fremst vore knytta til bestemte miljø og sjangrar, først og fremst jazzen. I den siste tida har vi opplevd ei aukande interesse for improvisasjon på brei basis. Musikkonservatoriet i Trondheim, der utøvarane i denne konsertene til dagleg er stasjonert, har vore ein pådrivar for denne utviklinga - både gjennom rytmisk musikk og i kyrkjemusikk-samanheng. Stian Omenås er student ved den velrenomerte jazz-linja, og aktiv i ei rekke band som




Talking Loud, Hvileskjær og Nextmotion.

Odd Johan Overøye underviser i komposisjon og arrangering, og er elles aktiv musikant i Trondheimsmiljøet. For tida CD-aktuell med Nidarosdomens Jentekor og kyrkjemusikalen om Sunniva, Norges første helgen.


Resitator er Gøril Haukebø frå «Teatret Vårt» i Molde. Ho har hatt eit mangfold av roller både ved dette teatret og på andre scener. Ho har også vitja Kyrkjehol kulturbete med ei barneførestilling for to år sidan.

Gøril  
HaukebøOdd Johan  
OverøyeStian  
Omenås

## STORDAL BYGDETUN


KYRKJEHOLA  
KULTURBEITE

Rosekyrkja frå 1789.




Prestestova er bygd ca. 1850.

Dese to bygningane er eigd av Fortidsminnesforeninga.




Løsetstova kjem som namnet seier frå garden Løset i Røysetdalen. Dette er ei typisk sunnmørskysten, som vart bygd på 1790-talet.



Stabburet kjem frå garden Busengdal og er bygd ca. 1750



## KYRKJEHOLA KULTURBEITE STORDAL BYGDETUN



# KULTURPROGRAMSOMMAREN 2002

# Fang sommarens ange i natt

Konsert med Henning Sommerro og fleire  
ROSEKYRKJA, SØNDAG 23. JUNI  
(JONSOKAFTA) KL. 18.00



Henning Sommerro

Henning Sommerro er ein av våre mest komplette musikkarar, - improvisator, visesongar, entertainer og ikkje minst samtidskomponist med internasjonal tyngde.

Den norske tradisjonsmusikken har alltid vore ein viktig klangbotn for Sommerro si skapande verksem. Under konserten i juni får vi presentert ei blanding av bearbeida folkemusikk og Hennings eigne viser til tekster av Erik Bye, Edvard Hoem og Hans Hyldbakk med fleire.

Velkommen til ei sterkt musikalsk opplevelse på årets ljosaste kveld. Henning vil også ha med seg ein medmusikar. Kven dette er, var ikkje bestemt då denne brosjyren vart trykt.



Torunn Sæter Stavsgård

# «Det er den draumen»

Johan S. Bach: Suiter for solo cello.

Dikt av Arnold Eidslott og Olav H. Hauge.

Torun Sæter Stavsgård, cello.

PRETESTOVA, SØNDAG 4. AUGUST KL. 19.30

J. S. Bach sine suitar for solo cello framstår som noko av det ypperste som finst i musikk litteraturen, og byd musikaren på dei største utfordringar både av teknisk og musikalsk art. Du får møte cellisten Torun Stavsgård frå Ålesund (med røter frå Stordal), som er student ved Barrat Dues Musikk institutt i Oslo med Bjørg Værnes som lærar. Som medlem av Alto-kvartetten vann ho 2.

pris i ei stor tevling i Trondheim hausten 2000.

Torun er engasjert som solist med Oslo Filharmoniske Orkester sesongen 02/03. Suite-satsane blir ramma inn av tekstar av to av våre store diktarar, Arnold Eidslott og Olav H. Hauge. Som gjennom Bach sin musikk, blir lyttaren her konfrontert med livets store, universelle, og tidslause tema; tru, håp og kjærleik... Musikk og poesi plukka frå øvste hylle! (Resitator var ikkje klar då brosjyren vart trykt.)

## blåne bak blåne...

Fotografiske overføringer/maleri – Anne Sara Loe  
PRETESTOVA, 29. JULI TIL 11. AUGUST



Anne Sara Loe

Anne Sara Loe arbeider i forskjellige teknikkar. Ho arbeider med installasjonar i rom og landskap, og ho arbeider med foto, som dokumentasjon og som eige kunstnarleg uttrykk. Utgangspunktet for bileta hennar er fotografi av ulike slag. Ho blandar sine eigne emulsjonar og bearbeider bileta/filmane digitalt eller i mørkerom for å kome nært nok og få fram det uttrykket som ligg i dei.

Ho arbeider med bileta i seriar og med å sette dei saman i forhold til rommet dei skal visast i, med kvarandre og med malte flater, med andre romlege element og også tekster. I denne utstillinga kombinerer ho oversøring av fotografi med gamle, tradisjonelle maleteknikkar. Ho viser ein serie bilete av personar ho har kjent opp gjennom livet, menneske som har gjort inntrykk på henne. Personar som gløymer seg sjølv og det å posera, men som gjennom samtalene forsvinn inn i sine eigne tankar og drøymer ut over tilværet her og no.



Ingunn Dahlin

## Møte...

Kunsthandverk i steingodsleire v/Ingunn Dahlin  
LØSETSTOVA, 29. JULI TIL 11. AUGUST

Ingunn Dahlin arbeider med skulptur og skulpturelle utsmykk som er både figurative og rustikke. Skulpturane hennar kan vere dekorert med skrift og notar, både i silketrykk og handskrift. Ho arbeider med porselen og steingodsleire, og motiva hennar skildrar menneske i omsorg og nærliek, undring og stille. Eit nøkkelord for skulpturane hennar er kommunikasjon, både mellom skulpturar og mellom skulptur og betraktar.

Ingunn har vaks opp i Spjelkavik, men har dei siste åra budd i Trondheim. Arbeida hennar er sett og godt omtykt av eit stort publikum i galleri og kunstmarsentra over heile landet. Ho er ein allsidig kunstnar og arbeider både med handlagt papir, silketrykk, teikning og maling, men denne utstillingen vil bestå av fat, speglar og skulpturar modellert i steingodsleire. Ingunn Dahlin er utdanna ved Statens Håndverk- og Kunstudstudiøyskole, Oslo og Statens lærerhøyskole i forming, Oslo.

## Dramaet på Innfjordfjellet

Odd Sørås fortel om ei kriminalsak frå 1700-talet.  
Musikkinnslag ved Hege Berli  
PRETESTOVA, SØNDAG 11. AUGUST KL. 19.30



Odd Sørås

Nokre veker før jul i 1758 kjem det ein mann og to smågutar ned til Overøye, våte og frosne etter at dei har gått over fjellet frå Innfjorden. Etter kvart skjørnar folk i Stordalen at noko forferdeleg må ha hendt inn på fjellet...

Odd Sørås er journalist i NRK og hobbyhistorikar, med ein rik lokalhistorisk produksjon i form av radioprogram og artiklar. Programserien «Mellan himmel og jord» som han laga saman med Richard Bergh, er utgitt som bok med tittelen «Møte med det gátefulle». Han har vandra mykje i fjellet mellom Stordalen, Tresfjorden og Innfjorden, og har interessert seg både for folket på Fokhaugen og for Trollkyrkjegarden. I oppveksten sin i




Hege Langhaug Berli

Vestnes hørde han mange gode historieforteljarar, og er oppteken av å halde forteljartradisjonen ved like. Odd Sørås har også slektsrøter i bygdene ved Storfjorden: Spelmannen Myra-Mons i Valldalen var tippoldefar hans.

Hege Langhaug Berli er fødd i Valldal i 1983, men bur i Stordal no. Ho har hatt opplæring i felespel i om lag 10 år, og mellom andre har ho hatt Ingunn Linge Valdal som musikklærar. Her vil ho spele Myra Mons-leiken etter Myra Mons som levde i Valldal. I tillegg vil ho spele ein melodi henta frå P. Jøsvold si bok «Stordal i tekst og toner».

## For dei minste

Eit barneprogram av  
Maria Holand Tøsse og Elisabeth Nilsen  
LØSETSTOVA, ONSDAG 21. AUGUST KL. 19.00



Maria Holand Tøsse og  
Elisabeth Nilsen

Maria Holand Tøsse frå Stordal og Elisabeth Nilsen frå Norddal står bak barneprogrammet denne sommaren. Dei to ungjentene har sett saman eit program spesielt for Kyrkjehola Kulturbolte. Maria og Elisabeth har kvar for seg – og i fellesskap – vist seg som gode underhaladar både innan song, forteljing og dramatisering. Desse talenta vil dei også bruke i barneprogrammet dei viser i sommar.

På scena utstråler dei humor, sjarm, glede og tryggleik i ulike roller. Dette viste dei sist i sin eigenproduserte versjon av kronprinsbryllaupet, eit underhendingssinnslag som har mora mange, og som jentene deltok med i Ungdommens Kulturmønstring i Møre og Romsdal tidlegare i år.



## Internettk@fe

Open kvar dag mellom kl. 11.00 og 16.00  
PRETESTOVA, 23. JUNI TIL 11. AUGUST

Kyrkjehola kulturbolte og Stordal kommune har gått saman om å tilby tilreisande og fastbuande høve til å bruke Internett. Vi vil ha klargjort to datamaskiner der interesserte kan få sjekke e-posten sin, sende meldingar eller sjå etter nyhende frå sine heimtrakter. Vi vonar og at internettkafeen vil bli brukt av fastbuande. Vaktene våre vil kunne hjelpe å finne fram til nettstader som er av interesse. Dei kan elles gi litt opplæring om Internett og om «surfing» på nettet. Kyrkjehola vil vere ein fin møtestad for ein god prat, ein kopp kaffi og kanskje ein tur ut i den store nettverda - for ein rimeleg penge.